



Produksjon av  
skreddarsydd innredning

5707 Evanger  
Knut Nelson-gata 11  
Tlf. 917 62 029  
post@styvesnikkeri.no  
www.styvesnikkeri.no

## **Bygningsvernsenteret Voss/Hardanger**

Rehabilitering av vindaug, Storholmen, Lindås

Evanger 05.02.2016

Takkar for dykkar interesse for rehabilitering av gamle vindaug og mogleg etterisolering av desse.

Av det eg kan sjå på bileta er det

2 krysspostvindaug med 3+3 fag

2 krysspostvindaug med 2+2 fag

8 2-fags vindaug, ulike sprosseinndelingar

2 2-fags kjellarvindaug der glasets er kitta rett i karmen. Sprosser er ein innfelt metall profil.

1 vindu med 1 fag 2 ruter

1 vindu med 1 fag 4 ruter

1 vindu med 1 fag 1 rute

### Pris på rehabilitering/restaurering

Prisen vert gjeve med grunnlag i observasjonar frå synfaring januar 2016.

Det synes som at treverket i vindauga stort sett er heilt, men det er nokre roteskadar og då spesielt på kjellarvindaugene. Det er teke omsyn til mindre reperasjonar av trevirke i prisen. I prisen er det også lagt til grunn noko utskifting av ødelagt glas, men ikkje full utskifting. Evt. ødelagt glas er tenkt erstatta med restaureringsglas (handlaga Lamberts Light).




Arbeidet omfattar:

- Henting og transport av komplette vindauger frå landfast kai
- Demontering av beslag og glas
- Skrape bort laus maling på treverk og beslag.
- Reparere skadar i treverk
- Grunning av beslag med rusthemmande maling
- Reingjering av glas i vannbad
- Montering av beslag
- Grunning av rammene med linoljemaling
- Setje i glas med linoljekitt
- Maling 2 strok på innside og utside
- Måling av karmfals
- Måling av innsida på karmen ikkje inkludert.

Pris for dette arbeidet med alle vindauger nemnt ovanfor,  
Kr. 170000 inkl.mva

Tilverking av innerrammer/koblaglas og tettelist  
Montering på dei gamle rammene med hengsler og koblingsbeslag.  
Hasper vert flytta frå dei gamle rammene til innervindaug.  
Montering på faste rammer utan hengsler vert innervindaugene montert med koblingsskruer.  
Montering av tettelistar i karmen.



Pris for innerrammer/koblaglas på alle vindauger nemnt ovanfor  
Kr.95000 inkl.mva

Kopiar/nye vindaug

Me kan også lage identiske kopiar av dei gamle vindaugene, dersom de ynskjer fleire av desse i same stil.

Det kan då kanskje vere fornuftig å lage litt andre profilar i karmen for å få endå betre tetting og funksjon, men utanfrå vil det sjå heilt likt ut. Innanfrå vil vindaugene sjå litt meir originale ut, enn dei som me har sett innervindaug på i ettertid. Dette er detaljar me kan drøfte om det vert aktuellt. Vindaugene utført i furu kjerneved, gammaldags hanblåst glas, linoljekitt og linoljemålig.

Pris for kopiar med koblavindu,  
kr. 19 000,-inkl.mva pr.stk. for 2-fags vindaug.

### Rehabilitering av utedørar



#### Hovuddør

Døra er i ganske god stand. Noko reoperasjon er påkrevd i spesielt karmen. Etter stil og profilar å døma, er døra frå 1900-1930. Glaset i døra er nyare.

Reperasjonar i dørblad og karm kjem på 8000,-inkl.mva.

Me kan utføre etterisolering av døra ved å legge på eit ekstra lag med tre og glass på innsida med same profilar som den opprinnelege, i tillegg til tettelistar.

Pris for etterisolering 13000,-inkl.mva.



### Kjellardør

Døra er vanskeleg å tidfeste , men i allefall før 1900.

Døra er noko roteskada nedst og karmen er av dårleg forforfatning.

Reperasjonar i dørblad og karm kjem på 10000,-inkl.mva.

Me kan utføre etterisolering av døra ved å legge på eit ekstra lag med tre på innsida med same profilar som den opprinnelege, i tillegg til tettelistar.

Pris for etterisolering 11000,-inkl.mva.

Håpar de finn dette interessant.

Beste helsing Jørn Styve